



# Skyss lanserar applikasjon for iPhone og Android

**PRESSEMELDING**  
16.08.2011

**KONTAKTPERSON:**  
Camilla Lundberg  
Bernzten,  
kommunikasjonsrådgjevar  
i Skyss  
Tel: 55 37 80 02  
Mobil: 99 57 09 55

**Kollektivreisande i Hordaland kan no planleggje reisa med mobiltelefonen. Skyss lanserar reiseplanleggjar for iPhone og Android.**

Applikasjonen gjer det mogleg for kollektivreisande å planleggje reisa si uavhengig av kvar dei oppheld seg. Ved hjelp av GPS-funksjonaliteten i mobiltelefonen kan ein orientere seg og finne nærmaste haldeplass og avgang.

”Det er gledeleg at våre kollektivreisande no kan planleggje reisa med mobiltelefonen. No håper vi at mange tek applikasjonen i bruk, og at enda fleire vel å reise kollektivt”, seier Oddmund Sylta, direktør i Skyss.

## **Data i applikasjonen**

Applikasjonen er basert på den same tekniske løysinga som reiseplanleggjaren på skyss.no, og viser avgangs- og framkomsttider etter rutetabellen.

Det ligg inne data om Skyss sitt tilbod i heile Hordaland (buss, båt og Bybanen).

I tillegg til den norske versjonen blir applikasjonen også lansert i engelsk, tysk, fransk og spansk omsetjing. Dette vil vere med på å gje eit betre tilbod til turistar, nye studentar og andre som ikkje er kjende i fylket. Applikasjonen får automatisk det språket som er innstilt på mobiltelefonen.

Applikasjonen er gratis og kan lastast ned frå App Store og Android Market ved å søkje på ”Skyss”.

Innhaldet i tenesta er som følgjer:

---



- Reiseplanleggjar med søkjefunksjonalitet. Planlegg reisa di frå A til B ved å skrive inn avreisestaden og destinasjonen i søkjefeltet.

- Listevising med ruteinformasjon om avgangar frå haldeplassar i nærleiken, basert på GPS-funksjonaliteten i smarttelefonar.

- Kartvising av området der telefonen er. Haldeplassane blir viste med eit busskilt. Ein kan zoome inn på det aktuelle stoppet. Ved å klikke på eit stopp får du opp ei liste over dei neste avgangane frå dette stoppet.

Det finst meir informasjon om applikasjonen på [skyss.no/app](https://skyss.no/app)

---